



Arkivnr: 2018/16397-2

Saksbehandlar: Tor Ivar Sagen Sandvik

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		12.03.2019
Fylkesutvalet		28.03.2019

**Søknad gjennom Vigo til programområde med vekt på eit særleg tilbod****Samandrag**

Fylkesrådmannen viser til møteprotokoll frå møte i fylkesutvalet 06.12.18 der Aud Karin Oen (SV) sette fram følgjande oversendingsforslag under handsaming av sak PS287/18 Justering av tilbodsstrukturen 2019/20 (klassesaka):

«FUV ber om ei sak som gjer greie for alle sider og konsekvensar av at tilbod/programfag skal vera søkbart i VIGO.»

Inntak til utdanningsprogram og programområde skjer i dag gjennom Vigo for elevar på Vg1 til Vg3. Skulane organiserer val og oppretting av programfag, basert på undervisningskompetanse og omfang av elevar som søker dei ulike tilboda. Det er ikkje teknisk mogleg å gjere programfag søkbare gjennom Vigo, og det er ingen andre fylke som har ei slik ordning.

Det er likevel mogleg å legge til rette for «søknad til programområde med vekt på eit særleg tilbod». Dette vil ikkje representere ei endring i elevane sine moglegheiter for å velje programfag som skulen dei går på eller søker til tilbyr. Det vil heller ikkje gi ei praktisk endring for skulane til å kunne tilby dei programfaga dei har kompetanse og grunnlag for å kunne tilby. Ei slik endring vil likevel kunne representere ein risiko for at elevane får redusert valfridom gjennom at inntak til programfag blir gjennomført sentralt.

I dag blir fagval organisert og gjennomført på den enkelte skule (søking til programområde skjer i Vigo). Det sikrar god kommunikasjon mellom elev, lærar og leiing, særleg på dei studieførebuande utdanningsprogramma ved fagval til Vg2 og Vg3.

I det fylkeskommunen opnar opp for søking til programområde med vekt på eit særleg tilbod, får det moglege konsekvensar i form av at det må gjerast ei vurdering om det enkelte tilbod skal vere fylkesdekkande, regionsdekkande eller per skule

**Økonomi:** Moglege effektar gjennom dimensjonering av fagtild.

**Klima:** Ingen effekt

**Folkehelse:** Ingen effekt

**Regional planstrategi:** Ingen effekt

## Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune held fram med dagens ordning for inntak og opnar ikkje opp for søknad gjennom Vigo til programområde med vekt på eit særleg tilbod

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal  
fylkessjef opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 19.02.2019

### Bakgrunn

Under handsaming av sak PS287/18 Justering av tilbodsstrukturen 2019/20 (klassesaka) i fylkesutvalet 06.12.2018, sette Aud Karin Oen (SV) fram følgjande oversendingsforlag:

FUV ber om ei sak som gjer greie for alle sider og konsekvensar av at tilbud / programfag skal vera søkbart i VIGO.

### Dagens ordning

Inntak til utdanningsprogram og programområde skjer i dag gjennom Vigo for elevar på Vg1 til Vg3. Skulane organiserer og administrerer val og oppretting av programfag, basert på undervisningskompetanse og omfang av elevar som søker dei ulike tilboda.

### Programfag og YFF

Programfag er spesielle fag for det utdanningsprogrammet og programområdet som eleven vel. Dei ulike utdanningsretningane har ulik grad av moglegheit til å tilby valfrie programfag for elevane. Dette er styrt gjennom fag- og timefordeling og læreplan for dei ulike utdanningsprogramma.

Yrkesfag: Alle programfag er felles for alle elevane i same programområde. Elevane har ikkje moglegheit til å sökje eller velje andre programfag enn det som er fastsett i tilbodsstrukturen. I faget yrkesfagleg fordjuping (YFF) er det ein opning for å nytte timer til opplæring frå læreplanar frå andre utdanningsprogram, jf. forskrift til YFF.

I utdanningsprogram for Idrettsfag, KDA, ME og MDD er visse programfag felles for alle elevane på Vg1, Vg2 og Vg3.

I utdanningsprogram for Studiespesialisering vel elevane sjølv kva programfag frå eige programområde eleven vil fordjupe seg i. Det er bestemte krav til val og samansetting av fag.

Utdanningsprogram-/retning	Fellesfag			Felles programfag			Valfrie programfag			YFF		
	Vg1	Vg2	Vg3	Vg1	Vg2	Vg3	Vg1	Vg2	Vg3	Vg1	Vg2	Vg3
Studiespesialisering*	842	420	421	0	0	0	0	420	420	-	-	-
Idrettsfag	646	504	365	196	336	476	140	140	140**	-	-	-
MDD	646	504	365	140	336	476	196	140	140**	-	-	-
ME	702	560	421	280	280	280***	0	140	280	-	-	-
KDA	702	560	421	280	280	280***	0	140	280	-	-	-
Yrkesfag****	336	252	-	477	477	-	0	0	-	168	253	-

Tabell 1: oversikt timer i fellesfag, felles/valfrie programfag og YFF

\* Eleven må ha fordjuping i to programfag, dvs. velje to fag på Vg2 som blir vidareført til Vg3. Kvart fag må vere 140 timer.

\*\* Har eleven framandspråk nivå II med 140 timer som fellesfag, har han normalt sett ikkje plass til valfritt programfag på Vg3.

\*\*\* Må nytte 140 timer til framandspråk om eleven ikkje hadde dette på ungdomsskulen.

\*\*\*\* Yrkesfag har YFF, 168 årstimer på Vg1 og 253 på Vg2. Her kan skulen disponere timane som det følger av forskrift til faget.

Det er ikkje teknisk mogleg å gjere programfag søkbare gjennom Vigo, og det er ingen andre fylke som har ei slik ordning. Det er mogleg å legge til rette for «søknad til programområde med vekt på eit særleg tilbod». Ei slik ordning må då opnast opp for alle, inkludert å kunne søke tilbod om fag i eit anna programområde

enn kva eleven er tatt inn på, der det er opning for det i forskrifta. Det er ikkje økonomiske konsekvensar av dette, men det må oppretta koder for alle kombinasjonar av valmoglegheiter. HFK opprettar ikkje desse kodene sjølv, og det er Vigo si kodeverksgruppe sentralt som godkjenner og opprettar eventuelle nye koder.

Moglegheita for elevane til å velje valfrie programfag innan eige og andre programområde er til stades i dag, og å gjere dette søkbart vil ikkje representere ei endring i elevane sine moglegheiter for å velje programfag som skulen dei går på eller søker til tilbyr. Det vil heller ikkje gi ei praktisk endring for skulane til å kunne tilby dei programfaga dei har kompetanse og grunnlag for å kunne tilby.

Ei slik endring vil likevel kunne representere ein risiko for at elevane får redusert valfridom gjennom at inntak til programfag blir gjennomført sentralt. Eit særleg omsyn er her knytt til elevane, og moglege konsekvensar for den enkelte dersom val av programfag blir gjort i Vigo. Ved søknad i Vigo må elevane føre opp utdanningsprogram og programområde. Eleven har rett til inntak på eitt av tre ønskje.

Elevane i Hordaland har per i dag moglegheit til å legge inn fire slike ønskje. Om eleven då t.d. søker studiespesialisering på alle fire ønskje, med vekt på ulike tilbod og på same skule, har eleven brukt opp alle ønska på éin og same skule. Om han/ho då ikkje kjem inn på eitt av desse ønskja, på bakgrunn av t.d. for lågt karaktersnitt, har eleven brukt opp moglegheita si til å kunne søke andre utdanningsprogram. Eleven kjem då i ein situasjon kor han eller ho kan bli plassert der det er ledig plass. Konsekvensen kan altså bli at eleven får tilbod om eit utdanningsprogram dei ikkje har søkt på, og potensielt lang reiseveg.

Tilsvarande kan ein elev t.d. søke om inntak til TIP, der første ønskje er ein skule som både organiserer YFF med fag frå andre utdanningsprogram og ordinær gjennomføring av faget. Eleven må då bruke opp to av ønskja på eitt tilbod ved ein skule. Dersom eleven også ønskjer å søke eit anna programområde ved TIP ved den same skulen, vil eleven måtte bruke tre ønskje.

I dag blir fagval organisert og gjennomført på den enkelte skule (søking til programområde skjer i Vigo). Det sikrar god kommunikasjon mellom elev, lærar og leiing, særleg på dei studieførebuande utdanningsprogramma ved fagval til Vg2 og Vg3. Ved å opne opp for søking til programområde med vekt på eit særleg tilbod, kan det gjere søknadsprosessen gjennom Vigo meir uføreseieleg og uoversiktleg for eleven gjennom at han eller ho må orientere seg i ei rekke tilbod.

### **Dimensjonering og marknadsføring av tilbod**

I det fylkeskommunen opnar opp for søking til programområde med vekt på eit særleg tilbod, får det moglege konsekvensar i form av at det må gjerast ei vurdering om det enkelte tilbod skal vere fylkesdekkande, regionsdekkande eller per skule. Ein mogleg konsekvens er sentralisering av tilbod, særleg i Bergensregionen. Dei enkelte programfagtilboda må avklarast i samanheng med den årlege justeringa av tilbodsstrukturen (klassesaka), og skulane vil kunne få redusert moglegheit til å marknadsføre tilbod og rekruttere elevar til sine tilbod. Ved ei sentral styring av inntak på programfagnivå, vil det gi skulane færre moglegheiter til å tilpasse tilbod etter behov og elevane sine ønskje.

Det er nærliggande å tru at å opne for søking av programfag gjennom Vigo vil føre til ein tydelegare konkurranser om elevane mellom skulane, gitt mogleg konsekvens for dimensjonering av tilbod. I ytste konsekvens kan det føre til ei dreiling av faget YFF, for å appellere til ei større elevgruppe. Sjølv om det er opning i forskrifta til å nytte timane i dette faget til andre fag i andre programområde, er det eit ønskje at YFF blir nytta til det som er faget sitt fremste formål. YFF skal m.a.

- gjere det mogleg å veksle mellom læringsarenaer og gi elevane realistiske arbeidssituasjonar i læringsarbeidet
- gi elevane eit godt grunnlag for å velje lærefag og knyte kontakt med bedrifter
- introdusere elevane for arbeidslivet og gi regionalt og lokalt arbeidsliv moglegheit til å definere innhaldet i opplæringa

Dette er også i tråd med Hordaland fylkeskommune sine andre strategiar og planar, m.a. mål om auka gjennomføring, rekruttering til yrkesfag og dimensjonering av tilbodet til arbeidslivet sitt behov for kompetanse og arbeidskraft.

### **Prinsipp for inntak**

Å opne opp moglegheita til å søkje direkte på programområde med vekt på eit særleg tilbod kan gi følgjer for korleis Hordaland fylkeskommune praktiserer prinsipp om karakterstyrt inntak.

Særleg vil dette vere knytt til skular med høgt snitt for å få tilbod om plass. Til dømes kan ein sjå for seg eit søkbart tilbod på ein skule som tilbyr studiespesialisering med russisk språk. Til dette tilboden vil det vere færre søkerar, og såleis lågare karakternivå for å få tilbod om plass. På den andre sida kan det vere mange søkerar til studiespesialisering på same nivå, med vekt på eit anna språk-/samfunnsfag eller realfagstilbod.

Dette kan gi utslag i form av at elevar søker inntak til tilbod som i større grad gir sjanse for å få plass på ein konkret skule, og eventuelt byter programfag tidleg i løpet av hausten.

### **Nye Vestland fylkeskommune**

Delprosjekt 1.5 inntak og tilbodssstruktur arbeider m.a. med tal og innretting av framtidige inntaksregionar. Eit viktig arbeid framover vil også vere knytt til dimensjonering av fagtilbod i den nye fylkeskommunen.

Det er ikkje mogleg å gjere eventuelle endringar i Vigo til skuleåret 2019/20. Første moglegheit vil då vere hausten 2020, som er siste inntak før felles inntak med nye inntaksområde i Vestland fylkeskommune.

Det vil i så fall vere naturleg at DP 1.5 handsamar spørsmål om søking av inntak til programfag gjennom Vigo i sitt arbeid vidare, som ein del av inntak i den nye fylkeskommunen.